

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Fellesorganisasjonen ved Surnadal barne- og ungdomsskule vedrørande forslag om innføring av Mo skule i Surnadal barne- og ungdomsskule

Hausten 2025 sendte vi inn høyringsuttale om spørsmålet om endring av skulestruktur i kommunen. Mykje som står der, kunne ha vore kopiert direkte over i denne nye uttalen, sidan det meste er likt som tidlegare. Likevel vil vi prøve å trekke fram enkelte moment som vi faktisk er på SUBUS kvar dag, står i og opplever pregar oss og vår arbeidskvardag.

Vi har for liten plass ved SUBUS. Dette har ikkje endra seg sidan førre høyringsrunde. På enkelte trinn er det kanskje ikkje tal om at det skal kome så mange fleire elevar, men det er mange nok til at det kjem til å utgjere ein skilnad. Fleire klasserom på barnetrinnet har ikkje plass til ein einaste ekstra pult utover dei som står der no. Fleire tilsette seier allereie at dei ikkje får drive undervisning på måten dei ønskjer, nettopp på grunn av for små klasserom og andre omsyn knytt til logistikk. Dette skjer samstundes med at mykje tydar på at leiken er på veg tilbake til skulen. Det er med andre ord utfordrande nok i dag til å skulle få plass til leikande lett skule og kreative og varierte undervisningsmåtar. Med fleire elevar blir det nær sagt umogleg.

Vi har for lengst tatt i bruk spesialrom (som rom brukt til kunst og handverk) for å få romfordelinga til å gå opp på huset. Det er for få grupperom i utgangspunktet, og fleire av desse er no permanent opptekne til enkeltelevar som har behov for eigne rom. Mangelen på grupperom går både utover individuell og tilrettelagt opplæring, moglegheitene for private samtalar med elevar og føresette, og til gruppearbeid for elevane. Dei fleste elevgarderobane er allereie stappfulle, fleire elevar på småtrinnet må dele knagg, og det er generelt for trangt og kaotisk ved friminutt og på starten og slutten av dagane. Det er og for få toalett tilgjengelege. På ungdomstrinnet er det få og små fellesareal dei kan vere samla i friminutta, noko som fører til uro og dårleg oversikt. Vi er klar over at det står at skulen skal ha plass til fleire elevar, men det er ikkje realiteten. Det vi skisserer her er allereie problematisk og veldig merkbart i vår kvardag, uavhengig av om det skulle kome fleire elevar. Likevel er det vi som må kutte. Vi har lenge sagt frå om at vi bør bygge om og utbetre for å få plass til fleire klasserom og grupperom. Dette

har vi ønskt oss lenge. Om det blir innfasing, blir det heilt nødvendige tiltak. Dette kjem til å koste. Har vi eigentleg råd til det om det er innsparingar som er målet?

SFO-tilbodet er allereie pressa, både når det gjeld kapasitet, areal og bemanning. Om elevtalet aukar, er vi redd det blir meir oppbevaring enn eit godt og trygt fritidstilbod. Vi er allereie heilt avhengige av å bruke av uteområdet og rullere på kven som får vere inne og ute for å få logistikken på SFO til å gå opp. I tillegg blir det truleg fleire elevar på «bussvent». Er det plass til det? Kven skal vere saman med dei? Skal ein tilsett på SFO vere saman med dei, og ikkje med dei andre elevane? Dette er berre nokre av spørsmåla som melder seg og som vi saknar svar på. Vi er redd for det auka presset på SFO og kan føre til eit auka press på dei tilsette ved SFO, som igjen kjem til å svekke tilbodet ytterlegare.

Vi ønskjer oss meir tydeleg fokus på kva som kjem til å skje med dei som allereie er tilsett på SUBUS. Det har vore løfta fram at det kjem til å bli eit større fagmiljø om fleire einingar blir samla. Vi forstår ikkje korleis det skal bli eit større fagmiljø om talet på tilsette i sum skal ned. Dessutan meiner vi at det i seg sjølv er problematisk at det skal kome fleire elevar, men ikkje bli fleire vaksne totalt på huset. Det står i saksframlegget (s. 12) at innsparinga er i stor grad knytt til ein reduksjon av fire lærarårsverk. Vi meiner det både er trist og lite framtidsretta at ein skal spare på lærarar, og at dette er til hinder for unge og høgt utdanna lærarar som vil bu og arbeide i Surnadal kommune.

Som i haust, saknar meir grundig forklaring om tankane bak fleire av forslaga og tala. Vi meiner det framleis er altfor mykje som er uklart og ikkje rekna på, noko som står svart på kvitt i saksframlegget. Utover det som allereie er løfta der, har vi fleire konkrete spørsmål, nokre av dei er allereie nemnd i uttalen vår. Korleis skal det gå opp med fleire elevar på SFO? Kva med elevane som må vere på «bussvent»? Om «gulbygget» skal takast i bruk, kor skal Vaksenopplæringa gjere av seg, og kva blir det kostande? Og kva kjem prislappen på utbetringar på SUBUS til å ende på? Er det ein sjanse for at ein faktisk endar opp med å bruke pengar, ikkje spare, på denne innfasinga? Korleis skal det vere til bornets beste at det skal bli fleire elevar i kvar klasse, men ikkje fleire lærarar og andre vaksenpersonar totalt enn det allereie er på SUBUS? Dette er berre nokre av spørsmåla som må vere avklart før ein tek slike avgjerder. I saksframlegget står følgande:

«Frå eit skoledriftsperspektiv blir det vurdert at det per no ikkje er openbert kva for alternativ som er mest føremålstenleg, og det vil vere behov for nærare avklaringar knytt til både pedagogisk bruk, logistikk og driftsmessige konsekvensar.» (s. 12 i saksframlegget)

Det er nettopp desse nærare avklaringane vi ønskjer oss. Å skulle vedta å fase inn Mo skule i SUBUS frå og med hausten 2026 er ikkje anna enn både urealistisk og uansvarleg i våre auge. Dette gjeld for både vaksne og born. Vi treng vesentleg meir tid på omstille oss og førebu oss på ei slik stor endring.

I etterkant av dialogmøtet ved SUBUS 21. april, har vi fått høyre at folkevalde seier at dei tilsette «svartmålar» situasjonen, og seier at det ikkje er så ille som vi skal ha det til. Vi vil hevde at det er vi som sit på fasiten om korleis vi har det i vår eigen arbeidskvardag, ikkje dei som kjem innom på korte besøk og møter, og berre ser deler av situasjonen i ein time eller to. Realiteten er at vi allereie i stor grad merkar kutta som har vore gjort. Det er ein pressa situasjon. Tanken på at vi kanskje skal få vite like før vi går ut i ferie at vi skal skal returnere til ein ganske anna arbeidssituasjon berre kort tid etter, er i seg sjølv belastande. Vi seier og gjer ikkje dette for å vere vanskeleg, vi seier det fordi vi vil opplyse saka på best mogleg måte. Det er **vi** som står i dette, og vi ber om at de lyttar til **oss**.

Berit Bolme Reitan, arbeidsplassstillitsvald for Fellesorganisasjonen v/ SUBUS

Gunnhild Sæther, arbeidsplassstillitsvald for Fagforbundet v/ SUBUS

Ingrid Ranes, arbeidsplassstillitsvald for Utdanningsforbundet v/ SUBUS